



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Tenesteutval for oppvekst og kultur
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 20.09.2017
Tid: 14.00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/17	Møteplan for tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og tenesteutval for helse og omsorg (THO)
PS 3/17	Deltidsplassar i kommunale barnehagar
PS 4/17 OS 1/17	Orienteringssaker Presentasjon av sektor opplæring og oppvekst, ved oppvekstsjefen.

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/1716
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
2/17	Tenesteutval for oppvekst og kultur	20.09.2017
2/17	Tenesteutval for helse og omsorg	14.09.2017

MØTEPLAN FOR TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK) OG TENESTEUTVAL FOR HELSE OG OMSORG (THO)

Administrasjonen si tilråding:

Tenesteutval for oppvekst og kultur møteplan 2017

<i>September</i>	<i>20.</i>
<i>Oktober</i>	<i>18.</i>
<i>November</i>	<i>15.</i>
<i>Desember</i>	<i>6.</i>

Tenesteutval for helse og omsorg møteplan 2017

<i>September</i>	<i>14.</i>
<i>Oktober</i>	<i>12.</i>
<i>November</i>	<i>16.</i>
<i>Desember</i>	<i>7.</i>

Saksopplysningar/fakta:

Kommunestyret vedtok den 25.08.16 at driftsstyret skulle delast i to tenesteutval: Tenesteutval for helse og omsorg (THO) og tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK). Reglement og kven som skal vere leiar, nestleiar og medlemmer i utvala blei vedteke i kommunestyret 22. juni 2017.

Møta må sjåast i samanheng av omsyn til bl.a. møterom og kapasiteten i administrasjonen. Legg ein to møte på same dag, kan det bli utfordrande å skaffe vara, då nokre av politikarane er medlemer og varamedlemer i fleire utval. Det er likevel vanskeleg å unngå heilt.

Møtetidspunkt:

Tenesteutval for oppvekst og kultur og tenesteutval for helse og omsorg har begge møtestart kl. 14.00 med nokre unntak.



VOLDA KOMMUNE

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret for vidare arbeid

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Hovden Eidheim

Arkivsak nr.: 2017/1670

Arkivkode: A10

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

3/17

Tenesteutval for oppvekst og kultur

20.09.2017

DELTIDSPlassar i kommunale barnehagar

Administrasjonen si tilråding:

Det vert ikkje innført 60 % og 80 % barnehageplass i Austefjord, Mork, Engeset, Oppigarden og Sollia barnehagar.

Vedleggsliste:

1. PS 190/13 Endring i vedtekter for kommunale barnehagar
2. Vedtekter for dei kommunale barnehagane

Uprenta saksvedlegg:

Forskrift om foreldrebetaling

Samandrag av saka:

I samband med rapporten *Organisering av prosessar for konkretisering av kutt i tenester for perioden 2014-2016*, vart administrasjonen beden om å kome med dokumentasjon/forslag til konkret talfesting av aktuelle tiltak.

Med bakgrunn i tiltak som vart tilrådd, vart vedtektene til dei kommunale barnehagane endra, og frå august 2014 vart det innført tilbod om berre heiltidsplassar i Austefjord, Engeset, Mork, Oppigarden og Sollia barnehagar.

Pr. 15.11.2013 var det totalt 27 born som hadde redusert plass i Austefjord, Engeset, Mork, Oppigarden og Sollia barnehagar. Dette var fordelt slik:

Plass/bhg.	Austefjord	Mork	Engeset	Oppigarden	Sollia	Totalt
60 %	1	8	6	3	4	22
80 %	1	2	0	1	1	5

I 2012 var dei nasjonale satsane og Volda kommune sine satsar for tilskot slik:

	Nasjonale satsar 2012			Volda 2012		
	Per heiltidsplass			Per heiltidsplass		
	Drift inkl.adm.	Kapital	Totalt	Drift inkl.adm	Kapital	Totalt
Tilskot ordinære barnehagar - små barn	173 500	7 600	181 100	185 481	7 600	193 081
Tilskot ordinære barnehagar - store barn	85 000	7 600	92 600	91 742	7 600	99 342

Regelverket for tilskot til private barnehagar vart endra frå 1.januar 2015, til at kommunane skulle bruke to år gamle rekneskap som grunnlag for å berekne tilskot. I og med at det var rekneskapet for 2013 som skulle leggst til grunn for tilskotet for 2015, ville ikkje tiltaka få heilårsverknad på tilskotet til dei private barnehagane før i 2017.

Tidlegare kunne kommunane sjølv velje frå år til år, om dei ville gi tilskot ut i frå gjennomsnittleg kapitalkostnad pr heiltidsplass i eigne tilsvarande kommunale barnehagar, eller om dei ville nytte nasjonale gjennomsnittssatsar for kapitaltilskot fastsett av departementet. Volda kommune valte å nytte nasjonal gjennomsnittssats fram til 2014. I samband med utrekning av tilskot for 2014, vart det tatt ein gjennomgang av verdien på bygningsmassen, og det vart frå då nytta eigne satsar for kapitaltilskot. Dette tilskotet var lågare enn nasjonal gjennomsnittssats.

I 2016 vart regelverket endra, og det var då ikkje lengre muleg å gjere eigne berekningar av sats for kapitaltilskot. Satsane vert i dag fastsett av Kunnskapsdepartementet, og kommunen skal gi kapitaltilskot til private barnehagar pr heiltidsplass ut i frå barnehagebygget sitt byggeår.

I 2017 var dei nasjonale satsane og Volda kommune sine satsar for tilskot slik:

	Nasjonale satsar 2017	Volda 2017
	Per heiltidsplass	Per heiltidsplass
	Drift inkl.adm	Drift inkl.adm
Tilskot ordinære barnehagar - små barn	199 800	200 530
Tilskot ordinære barnehagar - store barn	96 300	96 432

Volda kommune har ein struktur som gjer at tilbodet har ein høgare kostnad enn det Staten sine utrekningar føreset at kommunen skal bruke på barnehagedrift. Frå å ligge vesentleg over nasjonal sats i 2012, har Volda kommune i 2017 tilnærma lik sats. Tiltaka Volda kommune sette i verk i 2014 har med andre ord vist seg å ha god effekt.

Saksopplysningar/fakta:

Gjennom ein desentralisert struktur og ei rad private barnehagar med ulik profil, har Volda kommune samla sett eit mangfaldig og godt barnehagetilbod som dekker behovet for plassar fullt ut.

Det å innføre 60 % og 80 % barnehageplassar i dei fem kommunale barnehagane vil gje eit noko betre tilbod for brukarane, men det har ei kostnadsside for Volda kommune.

Gjeninnføring av ordninga vil mellom anna gje barnehagane avgrensa mogelegheit til optimal utnytting av personalressursen. I *Forskrift om pedagogisk bemanning* står det at det skal vere minimum ein pedagogisk leiar pr. 14-18 barn når barna er over tre år og ein pedagogisk leiar pr 7-9 barn når barna er under tre år og barna si daglege opphaldstid er over seks timar. Tal pedagogisk leiarar er ikkje gitt som ein variabel størrelse, og opnar altså ikkje for å berekne ein prosentdel av pedagogstilling pr. barn. Pedagognorma gjeld uavhengig av opphaldstid, både når barna har kortare dagar og når dei er i barnehagen berre nokre dagar i veka. Dette medfører at barnehagane har ein kostnad for bemanning uavhengig av om barna er der eller ikkje. Denne ressursen vert maksimalt utnytta ved å ha heiltidsplassar.

Pr. september 2017 er det totalt 418 barn i barnehage. Av desse er det 228 barn i kommunale barnehage og 190 barn i private barnehagar.

Barnehageåret 2017/2018 har barnehagane desse tilboda:

BARNEHAGAR	PLASSAR		
	100 %	80 %	60 %
Kommunale:			
Austefjord, Engeset, Mork, Oppigarden og Sollia	X		
Folkestad og Lauvstad	X	X	
Private:			
Trollsletta	X		
Hjellbakkane, Rotset og Røysmarka	X	X	
Læringsverkstedet Bratteberg og Øyra	X	X	X

Viss ein legg til grunn talet på barn som har deltids plass i dei private barnehagane som tilbyr dette, så er behovet avgrensa.

Pr. september 2017 er barna fordelt slik på plassane:

BARNEHAGAR	PLASSAR		
	100 %	80 %	60 %
Austefjord	9		
Engeset	48		
Mork	37		
Oppigarden	47		
Sollia	50		
Folkestad	15	3	
Lauvstad	12	7	
Trollsletta	14		
Hjellbakkane	28	5	
Rotset	41	2	
Røysmarka	13		
Øyra	36	7	2
Læringsverkstedet Bratteberg	38	4	
Sum	388	28	2

Maksprisen for 2017 er 2730,- kroner pr. månad, og totalt kr. 30 030,- kroner pr. år. Maksprisen gjeld alle typar barnehagar, uavhengig av om dei er offentlege eller private. Barnehagane kan krevje betaling for kost i tillegg til maksprisen. Det er også verd å merke seg at det berre er maksprisen som er fastsett, og at barnehageeigar står fritt til å bestemme kor mykje lågare foreldrebetaling for deltids plassar skal vere. *Jfr § 2 i Forskrift om foreldrebetaling* skal betalinga for eit deltidstilbod settast lågare enn betalinga for eit

heiltidstilbod. Dvs. at 80 % plass ikkje nødvendigvis tyder 80 % av makspris i foreldrebetaling.

Det å berre tilby 100 % barnehageplass i fem av dei kommunale barnehagane, gir foreldra eit noko mindre fleksibelt tilbod, sidan dei må betale for barnehageplass kvar dag sjølv om barna har faste fridagar. Dersom ein samtidig ser på kva 100 % plass kostar i 2017, så er det kr. 2550,-, som vil seie om lag 93 % av heil plass. Dette vil seie ein differanse på kr. 180,- pr. månad, og kr. 1980,- pr. år.

I tillegg er det i dag ordningar for familiar med låg inntekt. Redusert foreldrebetaling kan søkjast om dersom maksprisen for barnehageplass er høgare enn 6 % av samla skattepliktig person- og kapitalinntekt for hushaldet.

Samtidig har alle fire- og femåringar, og barn med utsett skolestart, som bur i hushald med låg inntekt rett til å få 20 timar gratis opphald i barnehage per veke. Ordninga følgjer barnehageåret, og gjeld frå hausten då barnet har to år att til skolestart.

Det mest uråd å gje eksakte tal på kva kostnaden vil bli med gjeninnføring av deltidsplassar i dei fem barnehagane, men det er sikkert at det vil gje Volda kommune auka utgifter.

Optimalisering av ressursbruken er eitt av prinsippa kommunestyret har vedteke for drifta i kommunen. Innføring av deltidsplassar i dei fem barnehagen vil stride mot dette prinsippet.

Vurdering og konklusjon:

Med den strukturen og det innhaldet Volda kommune har innan barnehagedrifta, er det rett å seie at brukarane har gode tenester. For brukarar som har ynskje om deltidstilbod, har kommunen private barnehagar som gir tilbod om dette.

Foreldrebetalinga for deltidstilbod i kommunale barnehagar vil ikkje skilje seg vesentleg frå foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod. Eit heiltidstilbod er ikkje til hinder for at føresette frå tid til annan kan velje kortare dagar eller kortare veker for sine barn.

Ut i frå økonomiske omsyn må prioriteringane i kommunen spissast, og tiltak som gir auka utgifter må setjast opp mot andre tiltak ein ynskjer å prioritere. Kommunen kan i nær framtid stå framfor store investeringar knytt til bygg/rehabilitering innan barnehagedrifta.

I lys av dette, og etter ei samla vurdering, rår administrasjonen til at det ikkje vert innført deltidsplassar i Austefjord, Mork, Engeset, Oppigarden og Sollia barnehagar.

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Dei kommunale barnehagane i Volda kommune

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2013/1819	212/2014	A10	SVK/ US	09.01.2014

MELDING OM POLITISK VEDTAK - ØKONOMISKE TILTAK I DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 19.12.13, hadde føre ovannemnde som sak PS 190/13, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Dei kommunale barnehagane stenger i 2 veker om sommaren (veke 29 og 30) og det vert organisert felles tilbod i ei veke. Dette vert gjeldande frå sommaren 2014.*
- 2. Austeffjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage tilbyr kun heiltidsplassar frå august 2014.*
- 3. Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage endrar opningstida til 07.00-17.15 og tilbyr 80% og 100% plass. I tillegg aukar foreldrebetalinga for 80% plass frå kr. 1 864,- til kr. 2 230,-. Kost kjem i tillegg. Dette vert gjeldande frå august 2014.*
- 4. Vedtektene vert endra i samsvar med punkt 1., 2. og 3.*

Sakutgreiinga følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Sakshandsamar Nina Hovden Eidheim

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Hovden Eidheim

Arkivsak nr.: 2013/1819

Arkivkode: A10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/13	Driftsstyret	27.11.2013
190/13	Kommunestyret	19.12.2013

ENDRING I VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

Handsaming i kommunestyret:

Anne-Grete Eiken og Jan Henning Egset reiste spørsmål om dei var ugilde. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Anne-Grete Eiken er styrar og medeigar i ein privat barnehage. Jan Henning Egset er adm. dir. i Sunnmøre Studentsamskipnad som er eigar av ein privat barnehage. Kl §40, jf Fvl §6, 1. l., e.

Røysting vedk. ugildskap:

Anne-Grete Eiken vart samrøystes kjend ugild.

Jan Henning Egset vart samrøystes kjend ugild.

Det var 25 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Punktvis røysting :

Pkt. 1 i tilrådinga frå driftsstyret fekk 20 røyster og vart vedteke. 5 røysta mot.

Pkt. 2 i tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 i tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 19.12.2013

- 1. Dei kommunale barnehagane stenger i 2 veker om sommaren (veke 29 og 30) og det vert organisert felles tilbod i ei veke. Dette vert gjeldande frå sommaren 2014.*
- 2. Austeffjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage tilbyr kun heiltidsplassar frå august 2014.*
- 3. Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage endrar opningstida til 07.00-17.15 og tilbyr 80% og 100% plass. I tillegg aukar foreldrebetalinga for 80% plass frå kr. 1 864,- til kr. 2 230,-. Kost kjem i tillegg. Dette vert gjeldande frå august 2014.*

4. Vedtektene vert endra i samsvar med punkt 1., 2. og 3.

Anne-Grete Eiken og Jan Henning Egset tok sete.

Handsaming i driftsstyret:

Merknad om at på siste side i saksframlegget under tiltak, skal stå ***Feriestengte barnehagar i 2 veker.***

Ugildskap: Anne-Grete Eiken spurde om ho er ugild i handsaming av denne saka i og med at ho er styrar og drivar av privat barnehage. Jfr. forv.lova §6, andre ledd er det grunn til ugildskap.

Eiken tok ikkje del i handsaming av og spørsmål om ugildskap. Der var då 7 røysteføre.

Røysting: Anne-Grete Eiken vart samrøystes kjend ugild i denne saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart vedteken med fem (5) røyster. To (2) røysta mot.

Vedtak i Driftsstyret - 27.11.2013 til kommunestyret

- 1. Dei kommunale barnehagane stenger i 2 veker om sommaren (veke 29 og 30) og det vert organisert felles tilbod i ei veke. Dette vert gjeldande frå sommaren 2014.***
- 2. Austefjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage tilbyr kun heiltidsplassar frå august 2014.***
- 3. Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage endrar opningstida til 07.00-17.15 og tilbyr 80% og 100% plass. I tillegg aukar foreldrebetalinga for 80% plass frå kr. 1 864,- til kr. 2 230,-. Kost kjem i tillegg. Dette vert gjeldande frå august 2014.***
- 4. Vedtektene vert endra i samsvar med punkt 1., 2. og 3.***

Rådmannen si tilråding:

1. Dei kommunale barnehagane stenger i 2 veker om sommaren (veke 29 og 30) og det vert organisert felles tilbod i ei veke. Dette vert gjeldande frå sommaren 2014.
2. Austefjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage tilbyr kun heiltidsplassar frå august 2014.
3. Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage endrar opningstida til 07.00-17.15 og tilbyr 80% og 100% plass. I tillegg aukar foreldrebetalinga for 80% plass frå kr. 1 864,- til kr. 2 230,-. Kost kjem i tillegg. Dette vert gjeldande frå august 2014.
4. Vedtektene vert endra i samsvar med punkt 1., 2. og 3.

Saksopplysningar:

I samband med rapporten ”Organisering av prosessar for konkretisering av kutt i tenester for perioden 2014-2016, er administrasjonen beden om å kome med dokumentasjon/ forslag til konkret talfesting av aktuelle tiltak.

a) Feriestengte barnehagar

Sommaren 2013 valte ein å samordne barnehagetilbodet. Austeffjord barnehage, Engeset barnehage, Folkestad barnehage, Lauvstad barnehage og Mork barnehage var i lag i veke 28, 29, 30 og 31. Oppigarden barnehage og Sollia barnehage skulle vere i lag i veke 29 og 30, men på grunn av mange barn valte dei å vere kvar for seg.

Oversikt over barn som nytta seg at barnehagetilbodet sommaren 2013:

	Veke 28		Veke 29		Veke 30		Veke 31	
	0-2 år	3-6 år	0-2 år	3-6 år	0-2 år	3-6 år	0-2 år	3-6 år
Tal på barn som møtte	26	45	20	25	20	30	29	51

Tabellen viser at det var færrest barn som hadde behov for barnehageplass i veke 29 og 30, og at det var tilnærma like mange små og store barn som møtte i barnehagen.

Etter å ha evaluert sommaropne barnehagar 2013, ser ein at det ikkje er særleg stor differanse mellom tal på barn som var påmeldte og som møtte. I tillegg har det ikkje vore meir enn nødvendig med personale. Utfordringa er likevel at personalet har svært mykje ferie til gode, og **96 veker** står igjen etter 1.august 2013 og nytt barnehageår har starta.

Årsaka til dette er tal på påmeldte barn i sommar, sjukmeldingar og at fleire av dei tilsette har rett på 6 veker ferie.

Det er ei utfordring å greie å avvikle resterande ferie i løpet av hausten. Ein ser på det som sær s vanskeleg utan bruk av vikar, dette då barnehagane har mange nye og små barn, samtidig som kvardagen er meir krevjande om hausten enn om våren. Ein assistent på lågaste lønsnivå kostar om lag kr. 1 500,- pr dag, dvs. at dersom ein skal leige inn vikar for resterande ferie i 2013, vil kostnaden bli minimum kr. 720 000,-.

Forslag til endring av vedtektene til dei kommunale barnehagane, har vore ute på høyring. Innspela som har kome inn i samband med feriestenging i 3 veker, er at dette vil føre til ein mindre fleksibilitet for avvikling av ferie både for tilsette, foreldre og barn. Feriestenging rammar hardast dei foreldre som arbeider skift, og ikkje sjølv har mulegheit til å bestemme når dei tek ferie.

Ein ser på det som sær viktig at småbarnsfamiliar får avvikla mest muleg ferie i lag, og tilrår til at dei kommunale barnehagane stengjer i 2 veker om sommaren (veke 29 og 30) og organiserer eit felles tilbod i ei veke. I april ber barnehagane om tilbakemelding frå foreldra om når barna skal ha sommarferie. Om det vert felles tilbod i veke 28 eller 31 er avhengig av når det vert færrest barn.

Dei tilsette vil då få avvika delar av ferien sin, i tillegg til at barnehagane sparar på bruk av ferievikar. Ved å konsentrere ferieavviklinga, vil barna oppleve større stabilitet på avdelingane og vaksentettleik gjennom barnehageåret.

Barnehagane vil som før, be om påmelding til dagane rundt jul og påske slik at dei tilsette skal kunne avspasere mest muleg overtid.

Barnehageåret 2012 brukte dei kommunale barnehagane kr. 564 000,- i ferievikar og kr. 470 000,- i anna vikar. I sommarmånadane i 2013 har det vore brukt kr. 203 000,- på vikar. Det er eit komplisert reknestykke kor mykje ein kan rekne med å spare ved å stengje barnehagane i 2 veker og organisere eit felles tilbod i ei veke, men ein vil kunne rekne med ei innsparing på minimum kr. 200 000,-. I tillegg får ein gevinst ved at mest muleg av ferien til dei tilsette vert avvika, og ein vil ikkje ha like stor behov for vikar resten av barnehageåret.

Av dei sju ikkje-kommunale barnehagane i Volda, har Bratteberg barnehage og Øyra barnehage heilårsope. Hjellbakkane barnehage hadde i år ope heile sommaren, medan Rotset barnehage hadde stengt i to veker då det var færre enn 4 barn som var påmeldt. Trollsetta barnehage hadde stengt i 3 veker, medan Røysmarka studentbarnehage og Bjørkedal barnehage hadde stengt i 4 veker i sommar.

Bjørkedal barnehage, Hjellbakkane barnehage og Røysmarka studentbarnehage har stengt jul og påske. Trollsetta barnehage har ope i jula dersom det viser seg at det er eit reelt behov, medan det er stengt i påska.

Det er totalt 503 barn i barnehagane, der 262 barn går i dei ikkje-kommunale barnehagane. 123 av desse har plass i dei to ikkje-kommunale barnehagane som er heilårsopne.

Dersom ein og ser på nærliggande kommunar, så hadde dei kommunale barnehagane i Ørsta stengt i 3 veker sommar 2013. Då ein av barnehagane valte å stenge ei veke seinare enn dei andre, vart det mulegheit for samdrift i ei av dei tre vekene barnehagane var stengte. Barnehagane har i tillegg stengt jul og påske. I Stryn kommune er det totalt 11 barnehagar, der 9 er kommunale. Dei kommunale barnehagane har stengt i 4 veker om sommaren. Det same gjeld den kommunale barnehagen i Hornindal kommune.

b) Heiltidsplassar i Austefjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage

I dag har dei kommunale barnehagane eit tilbod om 60%, 80% og 100% plass.

Det er pr 15.11.13 totalt 207 barn i desse fem kommunale barnehagane.

Barna er fordelt slik på dei ulike tilboda:

Plass\Bhg.	Austefjord	Engeset	Mork	Oppigarde	Sollia	Totalt
-------------------	-------------------	----------------	-------------	------------------	---------------	---------------

				n		
100%	6	46	26	53	49	180
80%	1	8	6	3	4	22
60%	1	2	0	1	1	5
Totalt	8	56	32	57	54	207

Tabellen viser at pr 15.11.13 er det totalt 27 barn som har deltids plass i dei kommunale barnehagane. Tre av barna som har 60% plass, startar på skulen hausten 2014. I dei ikkje-kommunale barnehagane er det pr 15.11.13 totalt 262 barn i barnehagane. Av desse er det 37 barn som har deltids plass.

Foreldreinnbetalinga inkludert kost og søskenmoderasjon er på om lag kr. 490 000,- pr måned i 2013. Ved å kun tilby heiltidsplassar i desse fem kommunale barnehagane, vil ein med eit barnetal på 207 barn (15.11.13), ha ei foreldreinnbetaling inkludert kostpengar og søskenmoderasjon på om lag kr. 510 000,- pr måned. Regjeringa foreslår å vidareføre maksimalprisen i 2014 på same reelle nivå som i 2013. Det vil seie at prisen maksimalt skal utgjere kr. 2 405,- pr måned. Dette medfører ei auka inntekt på om lag kr. 35 000,- meir pr måned enn i dag. Dette viser samtidig at det ikkje vil gi nokon vesentleg auke i inntekt, dersom ein fortsett med dagens tilbod om deltids plassar og i staden aukar foreldrebetalinga. Derimot vil tiltaket om kun heiltidsplassar i desse fem barnehagane og endring i tråd med pkt. 3 i tilrådinga, i tillegg føre til ein reduksjon i tilskotet til dei ikkje-kommunale barnehagane. Dette då den totale kostnaden vert fordelt på fleire opphaldstimar.

Då dei endelege tala for 2013 ikkje er klare, vel ein å ta utgangspunkt i korleis det endelege resultatet for 2012 vart.

	Nasjonale satsar 2012			Volda 2012		
	Per heiltidsplass			Per heiltidsplass		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskudd ordinære barnehager – små barn	173 500	7 600	181 100	185 481	7 600	193 081
Tilskudd ordinære barnehager – store barn	85 000	7 600	92 600	91 742	7600	99 342

Tabellen viser at nasjonalt kosta ein heiltidsplass kr. 181 100,- for små barn, medan i Volda kosta plassen 193 081,-. Det vil seie at i 2012 var ein heiltidsplass i Volda kommune kr. 11 981,- dyrare enn nasjonalt for små barn (0-2 år) og kr. 6 742,- dyrare enn nasjonalt for eit stort barn (3-6 år).

Dersom Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage endrar opningstida til 07.00-17.15 og tilbyr 80% og 100% plass, samtidig som dei andre fem kommunale barnehagane kun tilbyr 100% plass vil tilskotsatsane i Volda kommune verte tilnærma lik dei nasjonale satsane og Volda kommune vil få ein reduksjon i kostnader på minimum kr. 600 000,-.

Årsaka er at ei opningstid på minimum 10t og 15min, vil gi ein 80% plass utteljing som heiltidsplass (41 timar pr. veke).

Ved å ta utgangspunkt i eit tilbod om kun heiltidsplassar og tilskotet 2.kvartal 2013 inkludert 1,4 mill. i pensjonskostnader, vert satsane slik samanlikna med nasjonale satsar 2013:

	Nasjonale satsar 2013			Volda 2013		
	Per heltidsplass			Per heltidsplass		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskudd ordinære barnehager – små barn	181 000	7 500	188 500	179 357	7 500	186 857
Tilskudd ordinære barnehager – store barn	88 000	7 500	95 500	88 265	7 500	95 765

I forskrift om pedagogisk bemanning §1 står det at norma er minimum ein pedagogisk leiar pr. 14-18 barn når barna er over 3 år og ein pedagogisk leiar pr. 7-9 barn når barna er under 3 år. Forskrifta legg ingen føringar for at ein kan legge til grunn ein brøkvis utrekning av tal på pedagogar, men at pedagogbemanninga skal vere pr. barn og ikkje plass. **Dette medfører at barnehagane har ein kostnad for bemanning uavhengig av om barna er der eller ikkje. Denne ressursen vil verte maksimalt utnytta, dersom ein vel å kun tilby heiltidsplassar.**

Dette tiltaket vil gi foreldra eit mindre fleksibelt tilbod i dei kommunale barnehagane, då dei må betale for barnehageplass kvar dag sjølv om barna har faste fridagar. Dersom ein samtidig ser på kva barnehagetilbodet kostar foreldre pr time i 2013, så er det kr. 13,- pr barn. Kostpengane er på kr. 7,50 pr måltid.

I Sykkylven kommune er det fem kommunale- og fire ikkje-kommunale barnehagar. I åtte av desse vert nye opphald frå 01.08.2013 kun gjeve som heil plass (5 dagar/veka). Den siste barnehagen tilbyr 80% og 100% plass og har ei opningstid på 10t15min (06.30-16.45).

Administrasjonen kjenner og til at det er fleire nærliggande kommunar som har ein stram økonomi, og er på leiting etter sparetiltak. Eit av alternativa er då å kun tilby heiltidsplassar.

c) Endring i Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage frå august 2014:

- **Opningstida vert 07.00-17.15**
- **Tilbod om 80% og 100% plass**
- **Foreldrebetaling for 80% plass vert auka til kr. 2 230,-**

Den ordinære opningstida til dei kommunale barnehagane i Volda er 07.30-16.30. Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage har i dag eit tilbod på ein time utover opningstida for barn med foreldre som pendlar. Styrar har kvart år kartlagt behovet, og det er berre dei med reelt behov som har fått dette tilbodet.

Ein opnar med dette opp for at desse to barnehagane har ei opningstid frå 07.00-17.15. Samtidig som ein vidareføre at dette gjeld familiar som har eit reelt behov i samband med pendling. Utover dette skal ikkje barna ha lengre opphaldstid enn 9 timar pr. dag.

Pr 15.11.13 er det totalt 34 barn i Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage.

Desse er fordelt slik på dei ulike tilboda:

Plass\Bhg	Folkestad	Lauvstad	Totalt
100%	11	8	19
80%	3	9	12
60%	2	1	3
Totalt	16	18	34

Dersom ein endrar tilbodet i Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage, til 80% og 100% plass og tilbyr kun 100% plass i dei andre fem barnehagane, vil kommunen likevel ha eit heilheitleg tilbod som er av god kvalitet og tilpassa lokale forhold og behov.

I 2009 vart maksprisen for foreldrebetaling fastsett til kr. 2 330,-. Denne har vore uendra sidan. Regjeringa foreslår å vidareføre maksimalprisen i 2014 på same reelle nivå som i 2013. Det vil seie at prisen maksimalt skal utgjere kr. 2 405,- pr måned og kr. 26 455,- pr år.

Det står i §1 i Merknad til forskrift om foreldrebetaling i barnehagar, at foreldrebetaling for eit deltidstilbod skal settast lågare enn foreldrebetaling for eit heildagstilbod. Deltidstilbod er avtalt opphaldstid under 41 timer pr. veke. Barnehageeigar står fritt til å bestemme kor mykje lågare prisen for eit deltidstilbod skal vere.

I Volda kommune har foreldrebetalinga for 80% plass vore kr. 1 864,- sidan 2009. Ein ser at pris for deltidsplassar har store variasjonar frå kommune til kommune, og barnehage til barnehage.

Ved å auke opningstida til 10t og 15min pr dag, vil 80% plass tilsvare eit tilbod lik 41t pr veke, som igjen tilsvare det ein heiltidsplass minimum er. Ein går difor samtidig inn for å auke foreldrebetalinga for 80% plass til kr. 2 230,-. Dette er same nivå som mellom anna Stryn kommune har. Kostpengar kjem i tillegg og vert vidareført som det er pr i dag.

d)Vurdering av barnehagestrukturen

I og med at Volda kommune har små barnehagar på bygdene er dette kostnadskrevjande. Etter nytt finansieringssystem trådde i kraft frå 2011, ser ein at staten legg til grunn ei meir kostnadseffektiv drift enn det kommunen har i dag.

Kommunen har samtidig ansvar for at utbyggingsmønster og driftsform skal tilpassast lokale forhold og behov. Barnetalsutviklinga vil vere avgjerande for om ein kan oppretthalde drifta.

Innsparingspotensiale ved bruk av eigne kapitalkostnader

Kapitalkostnader er avskrivingskostnader basert på kostpris (fråtrekt investeringstilskot og meirverdiavgiftskompensasjon) og rentekostnader berekna ut frå bokført verdi på

anleggsmidlar på barnehageområdet tillagt tomtkostnader (fråtrekt investeringstilskot og meirverdiavgiftskompensasjon).

Kommunane kan sjølv velje frå år til år, om dei vil gi tilskot ut i frå gjennomsnittleg kapitalkostnad pr heiltidsplass i eigne tilsvarende kommunale barnehagar, eller om dei vil nytte nasjonale gjennomsnittssatsar for kapitaltilskot fastsett av departementet. Volda kommune har så langt valt å bruke nasjonal kapitalkostnad, men er no i gang med ein gjennomgang av verdien på bygga. Ein antek med bakgrunn i dette, at eigen kapitalkostnad vert lågare enn nasjonal sats.

I oversikt over fastsette nasjonale satsar for 2014, ser ein at kapitalkostnadane aukar frå kr. 7 500,- til kr. 9 100,-:

	Nasjonale satsar 2014		
	Per heltidsplass		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskudd ordinære barnehager – små barn	192 100	9 100	201 200
Tilskudd ordinære barnehager – store barn	94 100	9 100	103 200

Dersom eigne kapitalkostnad vert slik som antatt, vil Volda kommune spare om lag kr. 1 000 000,- ved å nytte eigen kapitalkostnad frå 2014.

Oppsummering av innspel på høyring:

Austefjord barnehage – samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet ønskjer heilårsopne barnehagar. Dersom ein ikkje kan unngå stenging, ønskjer ein alternativ 1.

Utvalet ser på det som naturleg at Austefjord barnehage har same tilbod som Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage, både i forhold til opningstid og plassar. Dette då fleire foreldre arbeider i Volda og Ørsta.

Austefjord barnehage – foreldrerådet

Det er ei utfordring om barnehagen held stengt, men foreldrerådet vel alternativ 1 sjølv om det ikkje er optimalt.

Ikkje alle familiar har behov for heiltidsplass. Foreldrerådet meiner difor at det bør vere tilbod om både 80% og 100%.

Foreldrerådet ønskjer same opningstid som det er foreslått for Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage. Det er ein del foreldre som startar på arbeid kl. 07.30 i Ørsta og Volda, og kjem ½ time for seint.

I år er det født 5 barn i Austefjorden, og foreldra til dei barna som startar i barnehagen i august 2014, startar mellom 07.15 og 07.30 på arbeid.

Engeset barnehage – samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet er negativ til forslag om vedtektsendring. Feriestengte barnehagar vil få konsekvens for fleksibiliteten i høve ferieavvikling til familiane med barn i barnehagen og personalet. Fleire familiar vil få mindre tid i lag. Alternativ 1 får mindre konsekvens for familiane enn alternativ 2. Feriestengte barnehagar frå 2014, vil medføre vedtektsendring for inneverande år. Det naturlege vil vere at endringane trår i kraft frå august 2014.

Det er viktig å balansere tid i barnehagen opp mot tid heime. Eit tilbod om kun heiltidsplass vil føre til at dei som nyttar redusert plass, likevel ikkje får kontantstøtte. Kommunen sitt forslag vil føre til at foreldre som ønskjer ei slik løysning, ikkje kan ta seg råd til det.

Engeset barnehage – medlemmane i fagforbundet og utdanningsforbundet

Medlemmane i fagforbundet og utdanningsforbundet ønskjer ikkje feriestengte barnehagar, m.a. fordi det betyr at ein stor del av ferien vert bunden. Sidan den økonomiske situasjonen tvingar fram sparetiltak, vil alternativ 1 ha minst negativ innverknad. Dersom barnehagane vert stengte i ferien, håpar ein at dette vert ei midlertidig ordning som kan takast opp til ny vurdering når økonomien betrar seg.

Forbunda er negative til at det berre vert tilbod om heiltidsplassar, og meiner at det må vere opp til foreldra sjølve å velje plasstorleik for barna sine.

Lauvstad barnehage – samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet ønskjer at barnehagen skal vere open heile året. Dette for at familien skal kunne ha heile ferien i lag. Dersom dette ikkje er muleg, ønskjer ein alternativ 1.

Lauvstad barnehage – foreldrerådet

Feriestengte barnehagar rammar foreldre med skift ordningar hardt. Dette då det ikkje er alle familiar som kan velje når dei skal avvikle ferie.

Foreldrerådet ser på det som positivt at opningstida vert utvida, og at barnehagen tilbyr 80% og 100% plass.

Mork barnehage – samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet er kritisk til alternativa som gjeld feriestengte barnehagar. Det er viktig at dei kommunale barnehagane står sterkt, og kan gi eit likeverdige tilbod med dei ikkje-kommunale barnehagane. Utvalet lurar på kvifor det ikkje er eit alternativ 3: samkøyring av alle barnehagane om sommaren.

Utvalet stiller spørsmålsteikn ved kvifor nokre barnehagar skal kunne tilby 80% medan andre ikkje, og saknar innspel og bakgrunnsinformasjon i høve sparing.

Mork barnehage – foreldreutvalet

Foreldreutvalet saknar informasjon og begrunning for innstramming. Utvalet ønskjer at tilbodet skal vere likt for alle barnehagar.

Foreldreutvalet kjem med to nye forslag til sparing:

- 1) Dei kommunale barnehagar samkøyrer og har open ein barnehage i 3 veker om sommaren.
- 2) Alle kommunale barnehagar tilbyr kun 100% plassar.

Oppigarden barnehage – foreldreutvalet og foreldrerrepresentantar ved SAMU

Feriestengte barnehagar i 3 veker vil ramme nokre familiar hardt, då mange arbeider turnus og ikkje har anledning til å styre ferien sjølv. Utvalet foreslår eit alternativ 3: Dei kommunale barnehagane har 1-2 veker stengt om sommaren, som skal vere overlappa med SFO. I tillegg stengjer barnehagane jul og påske.

Eit tilbod om berre heiltidsplassar er diskriminerande i forhold til foreldre som prioriterer tid heime. Innteninga bør vere betrakteleg om denne vedtekta skal endrast.

Oppigarden barnehage – fagforbundet og utdanningsforbundet

Fleirtalet ønskjer stengt jul og påske, men høve til å avspasere i staden for å avvikle ferie. Når det gjeld å stengje barnehagane i 3 veker om sommaren, så er dette vanskeleg grunna turnus til ektefelle og barn i skulealder. Forbunda foreslår at ein stengjer i 2 veker i staden for 3 veker.

Sollia barnehage – samarbeidsutvalet

Samarbeidsutvalet ønskjer i utgangspunktet heilårsopne barnehagar, og ønskjer ikkje å velje mellom dei to alternativa for feriestengte barnehagar, utan å vite kor mykje kommunen kan spare.

Utvalet ønskjer at barnehagen skal tilby reduserte plassar. Endringsforslaget kan slå negativt ut for barn i familiar med dårleg økonomi. Samarbeidsutvalet ønskjer informasjon om kor mange som pr i dag har deltidsplassar og kor mykje kommunen vil spare.

Sollia barnehage – foreldreutvalet

Det er mange har valt Sollia barnehage på grunn av at den er sommaropen. Ikkje alle har mulegheit til å velje sin eigen ferie, og sommarstengte barnehagar skapar problem for dei som ikkje har noko alternativ til barnepass. Dersom endringa vert gjeldande frå 2014, vert dette eit dårlegare tilbod enn det foreldra takka ja til ved start på barnehageåret. Foreldreutvalet meiner at det bør lanserast eit nytt forslag om minimum ein sommaropen sentrumsbarnehage.

Barnehagar som berre tilbyr heiltidsplassar er ekskluderande for deltidsarbeidande, så vel som dei foreldra som har høve til å vere i lag med barna sine 1-2 dagar i veka. Utvalet meiner det er eit paradoks at enkelte avdelingar i kommunen innfører ordningar der eit av argumenta er at foreldra skal kunne få høve til å planlegge turnusen sjølv, slik at dei skal kunne vere heime med små barn 1-2 dagar i veka, samtidig som dei kommunale barnehagane berre skal tilby heiltidsplassar. Det er ikkje alle som har råd til å betale for heiltidsplass og ikkje arbeide fulltid.

Sollia barnehage – klubbane for fagforbundet og utdanningsforbundet

Fagforbundet og utdanningsforbundet er kritiske til forslaget, og meiner at feriestengte barnehagar er eit stort tilbakesteg. Det er ei fare for at foreldre i staden vel ikkje-kommunale barnehagar. Feriestengte barnehagar fører til mindre fridom for personalet. Forbunda rådar sterkt i mot alternativ 2, då personalet må få avvikla avspasering ved jul/påske.

Barnerepresentant

Ingen innspel til høyringa, men innspel i høve fysisk aktivitet og måltid i vedtekter for kommunale barnehagar.

Austefjord grendautval

Austefjord grendautval forventar at barnehagetilbodet ikkje vert ringare enn dagens tilbod, då Austefjord er ei bygd i vekst. Utvalet støtter elles innspela frå samarbeidsutvalet i Austefjord barnehage.

Folkestad grendautval

Folkestad grendautval ser på det som problematisk dersom Volda kommune ikkje skal ha nokon form for barnehagetilbod i 3 veker om sommaren, og i tillegg alternativt jul og påske. Utvalet ber om at det vert utarbeid eit tilbod om minst 1 barnehage som held opent. Utvida opningstid er særst viktig, då pendling til arbeid for foreldra lagar problem med kort opningstid. Samtidig er det viktig at utvida opningstid ikkje går på bekostning av kvalitet.

Høydal grendautval

Grendautvalet rådar i mot at Austefjord barnehage vert stengt i feriar og høgtider. Særleg sommarferien vil det verte problem med pass av barna, på grunn av at mange foreldre arbeider turnus.

Kilsfjord grendautval

Det vil føre til ei stor belastning om alle dei kommunale barnehagane skal ha stengt i tre veker. Dersom kommunen likevel vurderar å stenge, tilrår grendautvalet at dei kommunale barnehagane vert stengt i to veker.

Lauvstad og velsvik grendautval

Grendautvalet meiner at kommunen har ansvar for å kome med eit tilbod heile året, men at dette kan reduserast i ferieperiodar etter behov. Det å vedtaksfeste stenging ser ein på som uheldig.

Grendautvalet er positiv til utvida opningstid.

Vikebygda grendautval

Feriestengte kommunale barnehagar vil føre til at fleire vert flytta til ikkje-kommunale heilårsopne barnehagar. Grendautvalet ser på det som naturleg at det i saka vert gjort greie for kva det vil medføre av meirutgifter for kommunen i tilskot til private barnehagar. Feriestengte kommunale barnehagar vil medføre store ulemper både for småbarnsforeldre og arbeidsgivarar.

Vurdering og konklusjon:

Barn som går i barnehagane i Volda skal ha minimum fire veker ferie i løpet av året, der tre av desse skal vere samanhengande. Ved å gå inn for å stengje barnehagane i to veker frå sommaren 2014, vil dette vere med på å sikre at barna får den ferien dei skal ha i tråd med vedtektene. Barna får samtidig større stabilitet på avdelingane og vaksenttelleik gjennom barnehageåret. Dersom ein stengjer barnehagane i to veker, vil dette føre til mindre fleksibilitet for avvikling av ferie både for tilsette, foreldre og barn enn det er pr i dag.

Kommunen skal sikre eit heilskapleg barnehagetilbod som er av god kvalitet og tilpassa lokale forhold og behov. Kommunar med spreidd busetting må ha eit anna utbyggingsmønster enn bykommunar med tett busetting. Driftsforma, dvs. opningstid, daglig organisering osv., må og tilpassast behovet så langt det er råd. I Volda har ein eit barnehagetilbod som er fordelt på til saman 14 kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Det er like mange kommunale som ikkje-kommunale. Når ein ser tilbodet under eitt i kommunen, har ein ulike barnehagar med ulik driftsform som kan imøtekomme foreldra sine behov.

Hausten 2014 startar 61 av dei 241 barna som går i kommunale barnehagar, på skule. Dersom ein tek utgangspunkt i slik det er pr 15.11.13, så vil det da vere totalt 24 barn som har deltids plass i Austefjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage. Samtidig vil det kun vere 2 barn i Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage som har anna deltids plass enn 80%.

Dersom ein skal få tilskotssatsar tilnærma lik dei nasjonale satsane er ein avhengig av at både pkt 2 og 3 vert vedteke i tråd med tilrådinga. Endringane gjeld §5 foreldrebetaling og §6 opningstider/ stengingstider.

Økonomiske konsekvensar:

I tillegg til innsparingspotensialet ved desse tiltaka, vil den største effekten vere på tilskotet til dei ordinære ikkje-kommunale barnehagane. Volda kommune har pr i dag tilskotssatsar som ligg over dei nasjonale.

Dersom ein går inn for å endre vedtektene til dei kommunale barnehagane i Volda kommune i tråd med tilrådinga og nyttar eigne kapitalkostnader, vil dei økonomiske konsekvensane verte slik:

Tiltak	Heilårseffekt
--------	---------------

Feriestengte barnehagar i 3 veker	Kr. 200 000,-*
Tilbod om 100% plass i Austefjord barnehage, Engeset barnehage, Mork barnehage, Oppigarden barnehage og Sollia barnehage Utvida opningstid i Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage, og tilbud om 80% og 100% plass	Kr. 600 000,-
Nytte eigne kapitalkostnader	Kr. 1 000 000,-

**I sum for innsparing ved feriestengte barnehagar, er det her kun tatt høgde for at vi sparar kr. 200 000,- i reine vikarutgifter. Samtidig vil reduserte kostnader i dei kommunale barnehagane, føre til reduserte utgifter i samband med tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane. Dette då tilskotssatsane pr i dag er basert på budsjettet til dei kommunale barnehagane, og vert avrekna i forhold til rekneskapet når det er klart.*

Innsparingseffekten er basert på at barnetalet og barnesamansetninga vert tilnærma lik det den er pr 15.11.13, både i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

,

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift til dei kommunale barnehagane



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

I VOLDA KOMMUNE

Gjeldande frå 01.08.2014

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte 11.02.77, SAK 14/77, ENDRA: 25.05.81 - K-sak 82/81, 19.12.85 - K-sak 208/85, 12.07.89 - F-sak 234/89, 28.06.90 - K-sak 109/90, 21.03.91 - K-sak 33/91, 29.04.92 - K-sak 57/92, 04.11.93 - K-sak 152/93, 01.02.96 - K-sak 12/96, 25.02.99 - K-sak 11/99. Ajourført pr. 01.01.01 p.g.a. ny administrativ organisering. Endra: K-sak 22/05, K-sak 71/05. Sist endra i K-sak 72/14.

§1 EIGARTILHØVE/ADMINISTRASJON

Barnehagane er eigd av Volda kommune, og vert administrert av sektor for opplæring og oppvekst. Driftsstyret er ansvarleg for drifta av dei kommunale barnehagane.

Vedtektene kan endrast av kommunestyret.

Barnehagane vert drive i samsvar med lov om barnehagar, føresegner og retningslinjer som kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset, og i samsvar med kommunale vedtak.

§2 FØREMÅLET MED EIN BARNEHAGE

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Borna skal utfolde skaparglede, undring og utforskartronge. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnad.

Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Jf. barnehagelova §1.

§ 3 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er samansett av foreldra/ dei føresette til borna i barnehagen. Samarbeidsutvalet er samansett av representantar frå foreldra/føresette, kommunen og dei tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert.

Kommunen kan vedta å ha felles samarbeidsutval for skule og barnehage der barnehage og skule er knytta til same bygning.

§ 4 OPPTAK

Opptak av born i dei kommunale barnehagane er delegert til oppvekstsjefen.

Ei opptaksgruppe samansett av administrasjonen, styranne i kommunale- og ikkje-kommunale barnehagar samordnar og gjer hovudopptaket i mars månad.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Born som fyller 1 år innan 1.september, har rett til barnehageplass.

Søklar må bu i Volda kommune seinast 1.august same år, dersom rett til barnehageplass skal gjelde.

Born som flyttar til andre kommunar i løpet av året, vil miste plassen i barnehagen.

Alle som får tildelt barnehageplass får behalde plassen ut barnehageåret det året dei startar på skule.

For nye søklarar er søknadsfristen 1. mars kvart år. Det må søkjast på elektronisk søknadsskjema, som ein finn på Volda kommune si heimeside.

Søklarar som meiner dei har rett til plass under opptakskriterium 1 eller 2 må sende inn fråsegn frå sakkunnig instans pr. post til Opplæring og oppvekst før 1.mars.

Søknadar som kjem inn etter søknadsfristen den 1. mars, må vurderast etter klagefristen for hovudopptaket.

For opptak til dei kommunale barnehagane i Volda skal opptakskriteria ha fylgjande prioritering:

1. Born med nedsett funksjonsevne, jf. lov om barnehagar §13.
2. Born som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd.
3. Born med særlege tilpassingsvanskar, sjukdom og/eller sosiale vanskar hjå føresette eller andre i familien.
4. Born av einslege forsørgjarar
5. 5- åringar.
6. Søsken til barn i same barnehage.
7. Born som går i barnehagen frå før og søker utvida plass.
8. Born som har vanskelege bu - og leiketilhøve (t.d. mangel på leikekameratar, stor trafikk, ope vatn).
9. Andre årsaker.

Born som ynskjer overflytting til anna barnehage i Volda, vert så langt som råd imøtekome i samband med hovudopptaket.

Ved elles like kriterier vil det eldste barnet bli prioritert.

Barnetalet i barnehagane vert fastsett etter føresegnar til lov om barnehagar.

Ved hovudopptak kan søklar klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søklar kan og klage dersom ein verken får sitt første eller andre ønske oppfylt.

Ved supplerande opptak, kan berre søklarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 13 klage dersom dei ikkje får tilbod om plass i den aktuelle barnehagen.

Klage på opptak i dei kommunale barnehagane skal sendast til Opplæring og oppvekst.

§ 5 FORELDREBETALING

Betalingssatsane vert regulert av lov om barnehagar gjennom føresegn om foreldrebetaling i barnehagar. Kommunestyret skal godkjenne betalingssatsane i dei kommunale barnehagane. Kostpengar kjem utanom den månadlege foreldrebetalinga. Det vert betalt for 11 månader pr. år.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Får barnet tildelt plass innan den 15. i mnd., må ein betale for heil månad. Får barnet tildelt plass etter den 15. vert det betalt for halv månad. Juli månad er betalingsfri.

Kommunen har syskenmoderasjon i barnehagane, men det vert ikkje gjeve syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.

Det vert krevd full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom/ andre årsaker. Betalingsfritak kan gjevast ved langvarig sjukefråvær etter søknad i kvart einskilt tilfelle.

Oppseiingstida for barnehageplassar er ein månad rekna frå den 1. i påfylgjande månad.

Dersom born ikkje skal gå i barnehage etter 1. mai, må foreldra seie opp plassen før 1. april. Vert plassen sagt opp etter 1. april, må ein betale ut juni månad.

Oppseiing kan gis av kommunen ved manglande betaling. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag på plass ved seinare barnehageopptak og opptak til skulefritidsordningar.

§ 6 OPNINGSTIDER

Barnehageåret gjeld frå veke 32 til og med veke 31 året etter.

Barnehagen si daglege opningstid skal vere i samsvar med den godkjenning som er gitt for den enkelte barnehage, og innanfor gjeldande rammer. Opphaldstid og kva plasstypar som vert tilbode kan variere noko frå barnehage til barnehage.

Borna si opphaldstid i barnehagen er maks 9 timar pr. dag.

Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage har ei opningstid på 10t og 15 min pr. dag. Føresette med eit reelt behov i samband med pendling, kan etter avtale med styrar nytte seg av dette. Elles skal borna ikkje ha lengre opphaldstid enn maks 9 timar pr. dag.

Barnehagane er opne 5 dagar i veka, med unntak av jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open fram til kl. 12.00. Dersom det er færre enn 5 påmeldte i romjula og påskeveka, vert barnehagen stengt.

Barnehagane har felles barnehagetilbod i veke 28. Det vil variere kven av sentrumsbarnehagane som har ope. Føresette vil få informasjon om dette i god tid før fristen for å melde inn når borna skal ha sommarferie.

Alle barnehagane har feriestengt i veke 29 og 30.

I løpet av barnehageåret har alle barnehagane stengt 5 planleggingsdagar. Dagane vert gjort kjent i starten av barnehageåret. Desse dagane vert rekna med i det årlege barnehagetilbodet som kommunen kan tilby. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på tilbodet og å heve kompetansen til personalet.

§ 7 FERIE

Alle born i barnehagen må ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, derav 3 veker samanhengande om sommaren. Born som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar.

Borna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05 inneverande år.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

§ 8 LEIKE - OG OPPHALDSAREAL

Norm for leike - og opphaldsareal er 4 kvm pr. born over 3 år, og 5,5 kvm pr. born under 3 år.

§ 9 INTERNKONTROLL

Styraren i barnehagen er ansvarleg for oppfylging av internkontrollrutiner i sin barnehage. Kvar barnehage skal arbeide ut rutiner for å sikre ein god kvalitet på barnehagetilbodet og for å hindre at barna vert utsett for ulykker i barnehagetida.

§ 10 TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Alle tilsette i barnehagane har teieplikt jf. forvaltningslova §§ 13 til 13 f.

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og barneverntenesta slik det står i barnehagelova §§ 21 og 22.

§11 POLITIATTEST

Alle som arbeider i barnehage skal legge fram tilfredstillande politiattest før tilsetting.

Jf. barnehagelova §19.

§12 HELSE

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggst fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøking på helsestasjonen, kan slik erklæring gis av føresette på eige skjema.

Dersom ikkje, må føresette legge fram helseattest frå lege.

§13 FORSIKRING

Volda kommune har kollektiv ulykkesforsikring for borna i barnehagen.

PS 4/17 Orienteringssaker

OS 1/17 Presentasjon av sektor opplæring og oppvekst, ved oppvekstsjefen.